

NotatDato: 14.07.2014
Arkivsak: 2014/18737-4
Saksbehandlar: gunradd

Til:	Samferdselsutvalet
Frå:	Fylkesrådmannen

Orientering om markeringa av Europeisk mobilitetsveke 2014Bakgrunn:

«Europeisk mobilitetsuke» finn årleg stad 16. – 22. september i heile Europa og Bergen deltek som ein av kring 2 000 byer i markeringa. På Europeisk nivå blir kampanjen leia av Eurocities, og den er støtta av EU. Årets tema er «**Våre gater – vårt val**» og er ein oppfordring til innbyggjarane om å vere med å skape den byen dei vil leve i. Målet for veka er å få på plass permanente tiltak for miljøvennleg transport i byene, samt å synleggjere ulike reisealternativ og syne korleis areal kan nyttast når bilen ikkje er der.

Meir informasjon er å finne på: www.mobilitetsuken.no

Status for arbeidet med veka:

Markeringa i Bergen er eit samarbeidsprosjekt mellom partane i Bergensprogrammet. Programmet for veka er under utvikling, men ein del arrangement er alt på plass.

Førebels program:

	AKTIVITET
Tysdag 16. 09	<u>OPNINGSDAG:</u> <ul style="list-style-type: none">• Veka opnar om morgonen med stand 3 ulike stader i sentrum..• Annonsering i aviser, innslag i morgonsendinga på NRK• Kople på større arbeidsplasser som jobbar med mobilitetsrådgjeving internt..• Eventuelt kveldsarrangement
Onsdag 17.09	<u>SYKKELDAG:</u> <ul style="list-style-type: none">• Foredrag med Mikal Collville-Andersen frå www.copenhagenize.com Aktuelle arenaer: SAMU, Litteraturhuset og anna.• Sykkelreparasjonar på 4 kjøpesentre i tidsrommet 14 -18• Andre sykkelaktiviteter
Torsdag 18.09	<u>KOLLEKTIVDAG:</u>

	<ul style="list-style-type: none"> • Informasjonskampanjar/stand hos DnB i Solheimsviken • Veka samanfaller med Skyss sin prøvekampanje for arbeidsreisande.
Fredag 19.09	<p><u>ARBEIDSREISER:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Fokus på samkjøring mm, samarbeid med arbeidsplassar <p><u>PARK(ING) DAY</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Verdsomspennande «happening», alternativ bruk av parkeringsplasser. Samarbeid med Hordaland Kunstsenter, og andre offentlige og private organisasjonar. http://parkingday.org
Laurdag 20.09	<p><u>BILFRI DAG</u></p> <p>Vågsbunnen fylles med ulike aktiviteter mellom kl 11 og 15. Deler av Kong Oscars gate blir stengt. Lag, foreiningar og andre aktuelle samarbeidspartnarar blir invitert til å ta gatearealet i bruk.</p>
Søndag 21.09	Ikkje program
Måndag 22.09	Bergen kommune si klimaveke starter.

Arbeidet videre:

I regi av Bergensprogrammet blir det arbeidd med å få alle brikkene på plass i programmet. Det er spesielt viktig å leggje til rette for at innbyggjarane i byen kan vere med å bidra til å få fokus på miljøvennlige reiser denne veka. Dette kan til dømes skje ved arrangement på arbeidsplasser, deltaking på dei ulike arrangementa og ved bruk av media gjennom kronikker, debattinnlegg og liknande.